
Fra: Kjartan Nyhammer
Sendt: onsdag 1. april 2020 13:10
Til: Postmottak Alver
Emne: VS: Disp

Hei,

Ein søknad/avklaring frå Johannes Haukeland Bakkebø. Bed om at den vert ført på rette vedkomande.

Beste helsing

Kjartan Nyhammer | Avdelingsleiar Landbruk

Telefon: 95 91 74 71

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Laila Bjørge
Sendt: tirsdag 31. mars 2020 12:35
Til: Kjartan Nyhammer
Emne: VS: Disp

Fra: Johannes haukeland bakkebø [<mailto:johsbakkebo@gmail.com>]
Sendt: 31. mars 2020 12:28
Til: Laila Bjørge
Emne: Disp

Alver kommune.

Eg viser til samtale med L. Bjørge.

1 Eg skal drive gnr/brn 58/9 i Alver kommune, men er i militæret for tida. Eg tek sikte på å flytte dit i løpet av sommaren når eg er ferdig i militæret. Men i realiteten har eg lyst å melde flytting dit no eller korleis er dette å forstå ? Eg kan elles nemnde at eg og min far vart tidlegare i vinter samde om skriftleg avtale om leige av jorda på denne eigedommen.

2 Først og fremst vil eg få avklart **statusen** til dette bruket mht om det er eit hytteeigedom eller eit gardsbruk i drift (altså bustad nr 2) ? Eigedommen var tidlegare busett av min far, men reglar om busetting innebar tvungen flytting til Bergen i samband med kjøp av leilegheit der.

Det har over tid pågått investeringar i bygningar, jordveg, grøfting, gjerding etc og dette held vi framleis på med. Denne våren må vi i gang med oppattgrøfting av deler av myrane, brakklegging samt gjerdehald i samband med oppstart med dyr. Deler av eigedom er lagt ut til næring i kommuneplanen og her det det investert i utleigebygg som vert ferdig denne våren (om alt går som planlagt). Vi har aldri tenkt på dette som hytte, men som næringseigedom.

3. Noko avhengig av svaret på spørsmåla over, ber eg evnt om dispensasjon frå desse koronabestemmelsane dersom bruket har status som hytte : Eg har tidlegare fått innvilga landbruksperm i frå forsvaret i samband med masse arbeid knytt til våronn, men den vart inntil vidare stoppa pga dette koronavesenet. Eg har tidlegare oppretta eige firma og eigedomen er registrert i produsentregisteret. Planen er å vere der i tida før og etterpåske for å få dette arbeidet unnagjort. Då treng eg evnt avklaring/dispensasjon frå denne forskrifta i frå kommunen. Det vert veldig tungvint og kostbart for å meg år reise tur /retur Bergen.

Eg takkar for snarleg svar på desse 3 spørsmål som tener både bruket og meg og slik at eg veit korleis eg kan planlegge for framtida.

Mvh Johannes H Bakkebø